Kvam herad

Behovsspesifikasjon elektroarbeid Mikkjelsflaten

Rokabrekka 1

5610 Øystese

Dette prosjektet skal gjennomførast som ei totalentreprise der entreprenør er fullt ansvarleg for prosjektering og utføring av alle elektrotekniske arbeid, samt arbeid som må følgje av dette.

Kvam herad

01 Rigg og drift – Elektro (tillegg til NS 3451-beskriving)

Dette kapitlet kjem i tillegg til bygningsdeler etter NS 3451 og skal inngå i totalentreprisen. Ytingane er å rekne som inkluderte kostnader der anna ikkje er spesifisert.

01.1 Riggkostnader og drift

Entreprenøren skal bere alle nødvendige rigg- og driftskostnader for elektrofaget, inkludert:

- Etablering, drift og avvikling av rigg for elektroarbeid.
- Koordinering med andre fag i totalentreprisen.
- Midlertidig straum, belysning og sikring for eigen produksjon.
- Avfallshandtering, sortering og bortkøyring i samsvar med gjeldande krav.
- Administrative kostnader, møteverksemd og nødvendig dokumentasjon knytt til rigg og drift.

01.2 Prøving, Idriftssetjing og opplæring

Entreprenøren skal gjennomføre fullstendig prøving og Idriftssetjing av alle elektrotekniske installasjonar før overtaking, inkludert:

- Funksjonstesting av hovudfordelingar, underfordelingar, reservekraft og prioriterte laster.
- Samordna testing mot VVS-/SD-anlegg der dette er relevant.
- Dokumentert eigenkontroll og sluttkontroll i samsvar med gjeldande forskrifter og normer.

Det skal gjennomførast opplæring av byggherren sitt driftspersonell, inkludert:

- Gjennomgang av anlegg, funksjonar og normal drift.
- Enkle feilsøkingsrutinar og trygg bruk.
- Opplæringa skal dokumenterast med deltakarlista og kort referat.

01.3 FDV-dokumentasjon

Fullstendig FDV-dokumentasjon for elektroinstallasjonane skal leverast før overtaking og vere ein del av kontraktleveransen. Dokumentasjonen skal som minimum innehalde:

- Som-bygd-teikningar (oppdaterte planar, einlinjeskjema og kursfortegnelse).
- Produktdatablad, samsvarserklæringar og sertifikat.
- Brukar- og vedlikehaldsrettleiingar.
- Oversikt over garantiar og kontaktinformasjon til leverandørar.
- Dokumentasjon skal leverast digitalt, strukturert etter byggherren sine krav.

Alle kostnader knytt til utarbeiding og levering av FDV-dokumentasjon er inkludert i kontrakten.

Kvam herad

Beskrivelse etter NS 3451 Bygningsdelstabellen – Elektro

560 Varme, ventilasjon, kjøling

- Omlegging av straum til eksisterande varmepumpe.
- Ny hovudkabel og underfordeling i varmesentral.
- Omlegging av straum til eksisterande styretavle.

570 Elkraftforsyning

- Omlegging og tilkobling av inntakskabel 4G240 Al.
- Montering av kabelstiger i teknisk rom.
- Levering og montering av ny hovudfordeling 400V TN (250A).
- Fordelingsfelt for prioriterte laster (25 kW).

573 Reservekraft

- Levering og montering av nødstrømsaggregat 65 kVA inkl. ATS/omkoblingsskap.
- **Her må det kvalitetssikrast at det er nok straum til at ein og kan drifte varmepumpa**

580 Elkraftinstallasjoner

- Ny tilførsel og underfordeling i tavlerom 1. etg. for prioriterte laster.
- Ny tilførsel og underfordeling i datasentral 2. etg. for prioriterte laster.
- Ny tilførsel og tilkobling av el-kjel.
- Levering og montering av ny el-kjel 150 kW 400 V.
- Demontering og fjerning av eksisterande el-kjel.

Bilder frå teknisk rom